

NODLEN

Torgeir Ellingson Ø. Røynstrand 1796-1867, gift 1. gong med Brita Helgesdottir Espeland 1792-1858, 2. gong med Brita Mikkjelsdottir Holven 1805-1870. Dei var plassfolk og budde på Nodlen. Etter fødnaden å døma måtte dette vera eit godt plass. I 1865 hadde dei på båsen 5 storfe, 8 sauer, 1 gris, og sådde 1 ½ tn bl. Korn og 2 tn poteter,

I 1857 miste dei 3 søner. Elling og Helge drukna i sjøen ved Røynstrand då dei skulle sjøsetja ei skuta. Olav døydde av smittsam sjukdom og vart gravlagd i Stavanger.

Olav Nilsson Espeland 1867- 1968 flytte til Nodlen tidleg på 1900- talet. Sonen Nils Olavson Espeland 1895-1980 og Anna Selmersdottir Simonsen 1898-1989 budde her til dess dei bygde seg nytt hus i byggjefeltet på Røynstrand i 1965. Den siste som budde på Nodlen var sonen, Olav Selmer Espeland 1922-1996.

Eirik Otteson Haukanes 1826-og kona Ingebjørg Torsteindottir Kjerland 1836-er oppførde som husmannsfolk i 1865 då dei døyper sonen Otte. Året etter tek han huslyden med seg og dreg til Amerika. Eirik er husmann på Øvre Røynstrand i 1865 og har 2 storfe, 6 sauer, 1 geit og sår 1 tn med korn og 2 tn med poteter. Det er uklårt kvar plassen låg.

GOD TUR!

Granvin turlag

Kjelde: «*Stølane i Granvin*» av Torbjørn Seim og lokalkjende.